



Bremanger  
kommune

# Tilleggsutgreiing landbruk

Arealdelen til kommuneplanen for  
Bremanger 2024-2036



20.mars 2024

# Innhald

1.	Innleiing	3
2.	Gjeldande planer	4
3.	Ny arealdel	7
4.	Konklusjon	9

# 1. Innleiing

Bremanger kommune har i perioden 2018 til 2024 arbeidd med revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Kommunedelplanane for Botnane, Rugsund-Leirgulen og Davik er ikkje revidert saman med arealdelen til kommuneplanen, men arealet som inngår i Kommunedelplan for Bremangerbygda er med i revisjonen av den overordna arealdelen. Denne tilleggsutgreinga er utarbeidd for å vise samla verknader av kommunedelplanane og ny arealdel, for landbruksareal.


Av Bremanger kommune sitt store landareal (ca 830 km<sup>2</sup>) er det kun om lag 2 % (16,5 km<sup>2</sup>) som er jordbruksareal (fulldyrka-/overflatedyrka jord og innmarksbeite). Av dette er ca 8500 daa dyrka jord.

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	5 977	0,7
Overflatedyrka	2 597	0,3
Innmarksbeite	8 562	1
Skog ▼	166 492	20
Bebyggelse/samferdsel	5 106	0,6
Annet markslag ▼	266 848	32
Ikke kartlagt ▼	377 471	45,3
<b>Sum</b>	<b>833 053</b>	<b>100</b>

*Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2022, NIBIO*

Oversikt over arealtpar i Bremanger kommune, frå Nibio sitt arealbarometer. [Arealbarometer - Bremanger \(nibio.no\)](https://arealbarometer-nibio.no)

Ein god del av det dyrka arealet er brattlendt (brattare enn 1:5), og deler av det er ueigna for maskinell hausting med moderne utstyr. Det er pr 2024 80 føretak i kommunen som driv aktivt landbruk, og det er om lag 9000 daa jordbruksareal i drift i kommunen. Av dette blir om lag halvparten (5142 daa) brukt til grovforproduksjon og resten til innmarksbeite (4169 daa). Det er relativt store areal dyrka jord som er ute av drift eller som kun blir brukt til innmarksbeite.



*Kilde: Produksjonstilskudd 2022, Landbruksdirektoratet*

Oversikt på kva jordbruksareala er nytta til, henta frå NIBIO sitt arealbarometer.

Innmarksbeite blir i stor grad brukt av sau og villsau, men også til mjølke- og storfekjøttproduksjon.

## 2. Gjeldande planer

### 2.1 Gjeldande arealdel til kommuneplanen

Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteken i 2004. I denne er det avsett relativt store område til spreidd bygging i LNF-område, og det vart opna for 52 nye bustadar, 131 fritidsbustader og 64 bustader/fritidsbustader (kombinert føremål) innanfor desse områda. Det var avsett lite areal til byggeområde for bustader eller fritidsbustader, men alle gjeldande reguleringsplanar vart vidareført uendra.

I kommunedelplanen for Bremangerbygda, vedteken i 2007, er det også sett av store areal til spreidd bygging i LNF-område. Her var det opna for 32 nye bustadar og 35 fritidsbustader. I tillegg var det avsett to byggeområde på Hauge/Torvanger, med opning for 29 bustader, og byggeområde for næring på Løvikneset. Gjeldande reguleringsplanar innanfor området vart også vidareført uendra.

### 2.2 Kommunedelplan Botnane

Kommunedelplanen for Botnane vart vedteken i 2014. I Botnane er det pr. 2024 tre bruk med aktiv drift som søker produksjonstilskot. Her er ein mjølkeprodusent, ein som driv med storfe/ammekyr og ein som driv med sau.

I kommunedelplanen er det avsett to store areal til spreidde bustader/fritidsbustader, i Sørbotnen (24 daa) og ved Øvrebotten (61 daa), og det er avsett store areal til spreidde fritidsbustader (totalt 80 daa), spesielt i nordre del av bygda. I tillegg er det avsett mindre område for spreidd bygging både i Øvrebotten og i Nordbotnen, og store byggeområde for bustader (18,2 daa) og fritidsbustader (42,5 daa) i heile bygda, og eit kombinert byggeområde for bustader/fritidsbustader i Sørbotnen (25,1 daa). Totalt er det opna for 8 bustader, omlag 26 fritidsbustader og 25 bustader/fritidsbustader, i tillegg til område med krav om reguleringsplan, der tal bustader/fritidsbustader ikkje er oppgjeve.

Sjølv om det er sett av store areal til spreidd bygging og byggeområde, er det lite jordbruksressursar som vil vere råka av utbygging.

Arealformål	Babygd	Samferdsel	Fulldyrka jord	Innmarksbeite	Overflatedyrka jord	Myr	Skog	Åpen fastmark	Hav	Ferskvann	Bre	Totalsum
KDP Botnane	48	53	162	567	101	53	6387	8890	7331	700		24291
<b>1. Bebyggelse og anlegg</b>	15	2	2	32	5	20	7	36	8	0		126
Bebyggelse og anlegg (1001)				1		18	0	6				25
Boligbebyggelse (1110)	4	0	1	14	1	2	1	2				26
Fritids- og turistformål (1170)		0	0					3	2			6
Fritidsbebyggelse (1120)	1	1	0	16	4	0	5	23	0	0		49
Grav- og urnelund (1700)	2	0		0			1					3
Næringsvirksomhet (1300)	6	0	0	0					6			13
Offentlig eller privat tjenesteyting (1160)	1	0			0		0					1
Uteoppholdsareal (1600)		0						2				3
<b>2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>								0	1			1
Havn (2040)								0	1			1
<b>5. Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR)</b>	32	50	159	526	96	33	6373	8822	8	112		16210
LNFR (5001)	23	49	159	515	93	33	6248	8803	8	112		16044
LNFR areal for spredt bolig- fritids- eller næringsbebyggelse	8	1		10	2		63	0				84
Spredt fritidsbebyggelse (5220)						0	61	19				80
Spredt næringsbebyggelse (5230)				1	0	0	1					2
<b>6. Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	1	0	1	9	1	0	7	32	7314	588		7954
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandson	0	0	0	5	0	0	6	25	7258	412		7706
Farleder (6200)	0			0				1	33			33
Friluftsområde (6700)	0	0	1	4	1			4	23	0		33
Naturområde (6600)		0	0	0	0	0	1	3		176		181

Arealrekneskap som viser planlagt arealbruk samanlikna med eksisterande arealbruk (AR5). Det er 7 daa dyrka jord, 5 daa overflatedyrka jord og 32 daa innmarksbeite som er avsett til

byggjeområde i planperioden. Det er ikkje opna for spreidd bygging på fulldyrka jord, og innanfor områda som er avsett til spreidd bygging er det kun 2 daa overflatedyrka jord. For desse areala er jordlova gjeldande, og områda som er avsett har slik storleik at det vil vere råd å unngå å byggje på dyrka jord.

Det har vore lite utbygging i perioden etter at kommunedelplanen vart vedteken, og planen vil truleg ikkje verte revidert denne kommunestyreperioden.

## 2.3 Kommunedelplan Rugsund-Leirgulen

I kommunedelplanen for Rugsund-Leirgulen, vedteken i 2013, er det lite dyrka jord som er avsett til byggjeområde, berre 19 daa. 44 daa innmarksbeite er planlagt nedbygt. 3 daa fulldyrka jord vert disponert til bustadar, dette arealet er også detaljregulert. Av dei 14 daa overflatedyrka jord som vert omdisponert er størstedelen avsett til fritidsbustadar. På om lag 6 daa dyrka jord og 19 daa innmarksbeite er det opna for spreidde bustadar, totalt 20. I tillegg kjem regulert bustadfelt med 6 bustadtomtar. Innanfor planområdet er det opna for 5 spreidde fritidsbustadar. Det er avsett 8 byggjeområde for fritidsbustader, men talet på einingar er ikkje fastsett, og det er krav til detaljregulering for dei største områda.

Arealformål	Bebyggd	Samferdsel	Fulldyrka jord	Innmarksbeite	Overflatedyrka jord	Myr	Skog	Åpen fastmark	Hav	Ferskvann	Bre	Totalsum
KDP Rugsund - Leirgulen	184	92	114	463	234	99	1444	3496	2518	20		8663
<b>1. Bebyggelse og anlegg</b>	<b>91</b>	<b>9</b>	<b>5</b>	<b>44</b>	<b>14</b>	<b>5</b>	<b>63</b>	<b>65</b>	<b>20</b>			<b>317</b>
Andre typer bebyggelse og anlegg (1500)	11	1		5	1		1	7	19			46
Boligbebyggelse (1110)	42	5	3	10	2		34	6	0			101
Forretninger (1150)	0							2	0			3
Fritids- og turistformål (1170)	8	1	2	11	1		12	3	1			37
Fritidsbebyggelse (1120)	10	1	0	15	7	5	13	37	0			87
Grav- og urnelund (1700)	4			0	0							4
Kombinert bebyggelse og anleggsformål (1800)	1	0			2		0	1				5
Næringsvirksomhet (1300)	7	1	0	4	0		2	7	1			22
Offentlig eller privat tjenesteyting (1160)	9	1			0		2	1				13
<b>2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>3</b>	<b>1</b>		<b>1</b>	<b>1</b>			<b>1</b>	<b>0</b>			<b>7</b>
Parkering (2080)	0	0		0	0			1	0			2
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (arealer)	3	0						0	0			4
Veg (2010)	0	0		1	1							1
<b>5. Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR)</b>	<b>88</b>	<b>79</b>	<b>109</b>	<b>415</b>	<b>220</b>	<b>94</b>	<b>1375</b>	<b>3403</b>	<b>6</b>	<b>9</b>		<b>5798</b>
LNFR areal for nødv. tiltak for landbruk og reindrift	86	78	105	395	218	94	1352	3363	6	9		5706
Spreidd boligbebyggelse (5210)	2	1	4	19	2		11	38				77
Spreidd fritidsbebyggelse (5220)							12	2				14
Spreidd næringsbebyggelse (5230)	0		0	1	0							1
<b>6. Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>6</b>	<b>25</b>	<b>2491</b>	<b>11</b>		<b>2540</b>
Akvakultur (6400)									46			46
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (6001)		0		0	0	0	2	3	0	11		16
Drikkevann (6500)			0	0			0	0				0
Farleder (6200)	0								7			8
Fiske (6300)							0	0	217			217
Friluftsområde (6700)	0	0		0			3	3	7			14
Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller uten småbåthavn (6230)	1	0		2			1	6	2201	0		2212
		2						13	13			28

Oversikt over arealbruken i KDP Rugsund-Leirgulen.

Områda for spreidde bustader og fritidsbustader, og byggjeområde for fritidsbustader er spreidde over heile bygda, medan byggjeområde for nye bustadar er konsentrert rundt Kolset.

Det er få bruk som driv tradisjonell landbruksdrift, og det er ingen bruk med mjølkeproduksjon. Dei få bruka som er att driv med sau, og syter for at mesteparten av innmarka vert halden i hevd ved beiting/beitepussing eller slått. Ein del innmark og utmark er prega av attgroing i ulike fasar, og noko innmark er tilplanta med gran.

Det har vore lite utbygging av bustader/fritidsbustader i perioden etter at kommunedelplanen vart vedteken, og planen vil truleg ikkje verte revidert denne kommunestyreperioden.

## 2.4 Kommunedelplan Davik

Kommunedelplanen for Davik vart vedteken i 2017. I planen vart det lagt vekt på å oppretthalde landbruksaktivitet og skjerme dyrka og dyrkbare areal. Kjerneområde for landbruk er lagt inn i arealdelen med omsynssone, basert på vurderingar gjort av landbruksansvarleg ved Bremanger kommune i samband med planarbeidet. Davik er tradisjonelt ei landbruksbygd, og det er to bruk som driv mjølkeproduksjon. I tillegg er det ein del bruk som driv med sau, med varierende intensivitet.

Planen tek i stor grad vare på dyrka jord, og i konsekvensutgreinga for einskildområder er det teke særleg omsyn til landbruksinteresser. Ny utbygging i samsvar med planen vil føre til at om lag 40 daa dyrka jord utgår. Utbyggingsareala er i hovudsak lagt utanom kjerneområde for landbruk. Områder lagt ut som LNF-områder med spreidd busetnad (både for fastbuande og fritid) er òg utanfor omsynssone for landbruk, sett vekk frå eit mindre område (LSB2). Samla verknad for jordvern var i planen vurdert til å vere akseptabel.

Arealformål	Bebyggd	Samferdsel	Fulldyrka jord	Innmarksbeite	Overflatedyrka jord	Myr	Skog	Åpen fastmark	Hav	Ferskvann	Bre	Totalsum
<b>KDP Davik</b>	<b>233</b>	<b>80</b>	<b>975</b>	<b>404</b>	<b>201</b>	<b>96</b>	<b>2348</b>	<b>830</b>	<b>2373</b>	<b>21</b>		<b>7562</b>
<b>1. Bebyggelse og anlegg</b>	<b>80</b>	<b>13</b>	<b>30</b>	<b>21</b>	<b>9</b>	<b>2</b>	<b>82</b>	<b>40</b>	<b>8</b>	<b>0</b>		<b>286</b>
Andre typer bebyggelse og anlegg (150)	6	0	1	0			5	10	4	0		27
Boligbebyggelse (1110)	34	6	13	2	4	2	33	6				101
Fritidsbebyggelse (1120)	6	2	1	18	4		24	2	4	0		63
Kombinert bebyggelse og anleggsform	4	1	5	0			9	1	0			20
Næringsvirksomhet (1300)	8	0	4				9	3	0			25
Offentlig eller privat tjenesteyting (110)	22	3	6	0			3	17		0		51
<b>3. Grønnstruktur</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>1</b>					<b>4</b>	<b>0</b>			<b>7</b>
Friområde (3040)	0		1					4	0			5
Naturområde - grønnstruktur (3020)	1	0						0	0			1
<b>5. Landbruks-, natur og friluftsområder samt reindrift (LNFR)</b>	<b>151</b>	<b>67</b>	<b>943</b>	<b>383</b>	<b>192</b>	<b>94</b>	<b>2263</b>	<b>784</b>	<b>1</b>	<b>8</b>		<b>4886</b>
LNFR areal for spredt bolig- fritids- eller	12	2	0	7	4		4	2				32
LNFR areal for nødvtiltak for landbruk	116	60	922	363	174	94	2250	779	1	8		4768
Spredt boligbebyggelse (5210)	23	5	22	12	13		8	3		0		86
<b>6. Bruk og vern av sjø og vassdrag</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>1</b>		<b>0</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>2364</b>	<b>13</b>		<b>2383</b>
Friluftsområde (6700)	0							0	67			67
Naturområde (6600)	0	0	0	1		0	3	2	2284	13		2304
Småbåthavn (6230)	0								12			12
<b>KDP Davik Gj.Reg.plan</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>2</b>			<b>0</b>					<b>2</b>
<b>1. Bebyggelse og anlegg</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>2</b>			<b>0</b>					<b>2</b>
Boligbebyggelse (1110)	0						0					0
Fritidsbebyggelse (1120)	0		0	2								2

Planen vil ikkje bli revidert denne kommunestyreperioden.

### 3. Ny arealdel

I samband med ny arealdel er det utarbeidd ein rapport for «Kjerneområde landbruk i Bremanger kommunen». Dei aktuelle kjerneområda er tekne omsyn til ved konsekvensutgreiing av nye tiltak, men er ikkje vist i plankartet som omsynssoner.

Arealformål gruppe pr. plan	Bebyggd /Samferdsel	Full- og overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Myr	Skog	Åpen fastmark	Ferskvann	Bre	Hav	Ikke kartlagt	Totalsum
KPA2024	3619	7034	7091	6850	156952	212255	45772	1551	1086794	363774	1891692
Bebyggelse og anlegg	1483	194	98	106	2099	6361	143		275	18133	28892
Bruk og vern av sjø og vassdrag	19	8	19	10	143	204	44479	0	1086376	1054	1132311
Grønnstruktur	33	13	1		132	143	0		6		328
LNFR	1919	6649	6870	6734	154390	205104	1150	1551	40	344501	728909
LNFR-Spredt	129	166	102		160	410				86	1053
Samferdselsanlegg og teknisk infrastr	36	5	0		28	33			97		200

Tabellen viser arealtype på areal til dei ulike formåla som er avsett i planen. Etter 3. gongs høyring er det gjort vesentlege arealreduksjonar, særleg for LNF-område med opning for spreidd utbygging.

Under er ei oversikt over endringar som er gjort etter 3.gongs offentleg høyring, for å imøtekomme motsegn frå Statsforvaltaren.

Område som er tekne ut av planen, og område som er reduserte:

Område	Totalareal i daa	Fulldyrka jord i daa	Overflatedyrka jord i daa	Innmarksbeite i daa
LS13 Berle	7,7	0,7	4	
LS3 Smørhamn	16			
LS4 Kjerpeset	17,5			
B19_f Hauge	20	7,5		11,5
BFT Ryland	5,7		1,2	
BFR13 Langenes ved Struen	4,6			4,6
B105 Hauge	-9,8	-3,9	-5,8	
<b>SUM trekt ut</b>	<b>61,7</b>	<b>4,3</b>	<b>-0,6</b>	<b>16,1</b>
LSF35 Berlenes	38		1,6	2
LSB77 Berle	60		2,5	24,7
LS35 Grotle	76,6	15,1	12,9	20,2
LS5 Novelandet	23			9,5
LSF3 Nybø	4,5			2,5
LSB2 Stranda	20,5			7
LS9 Eikeset	130,6	16	26	11,5
LS30 Eikeset	0,7		0,7	
LS1 Svarstad	12,9	8,5		
LS15 Endal	11,6	2,4	4,2	
LSB93 Sigdestad	29,1		2,1	2,6
LSB101 Sjørgulen	44,1		8	13
BFT23 Nygård	25	1	2,5	
<b>SUM redusert*</b>	<b>476,6</b>	<b>43</b>	<b>61</b>	<b>93</b>
<b>Samla reduksjon</b>	<b>538,3</b>	<b>51,6</b>	<b>60,4</b>	<b>109,1</b>

\*Differansen mellom areal før og etter 3.gongs høyring

Totalarealet til desse føremåla er såleis redusert med 538 daa, og «tapet» av jordbruksareal er redusert med over 220 daa etter 3.gongs høyring. Endringane som er gjort har størst påverknad på tapet av innmarksbeite, då det i utgangspunktet var prøvd å unngå dyrka areal når områda var avsette.

Når LNF-område med opning for spreidd bygging skal reknast som omdisponert areal, gjev det eit feil bilete å rekne med eksisterande område der det ikkje er opna for nye tomter eller einingar.

Tabellen under viser LNF-område med spreidd bygging, eksisterande, der det ikkje er opna for fleire tomter/bustadeiningar og såleis ikkje vert omdisponert jord:

Område	Totalareal i daa	Fulldyrka jord i daa	Overflatedyrka jord i daa	Innmarksbeite i daa
LS14 Berle	76	27		8,5
LS10 Igland	15	1,5	3,5	2,5
B16 Torvanger	28		4	1,5
B17 Hauge, Bjørsvika	7,7	2,1	0,8	
LSB38 Hauge, Bakkane	26	12,4		
LS27 Indre Hauge	86		13	19
LS26 Indre Hauge	13	2,5	3	
LSB90 Dombestein	41	5,5	12	5,8
LS7 Nødset	54		1,7	25,5
SUM	346,7	51	38	62,8

I Vågane er det også eit større byggjeområde for fritidsbustader, BFR9 (64 daa), der det ikkje er opna for nye einingar. Området omfattar 18,5 daa innmarksbeite. Reelt areal som skal trekkjast frå når ein reknar omdisponering av jordbruksareal, vert såleis 170 daa mindre enn det som går fram av arealrekneskapen.

Samla sett opnar ny arealdel for omdisponering av 194 daa dyrka jord og 98 daa innmarksbeite, til utbyggingsføremål. 166 daa dyrka jord og 102 daa innmarksbeite er avsett til spreidd bygging. Av dette er om lag 170 daa eksisterande område, jf. avsnittet over, der det ikkje er opna for ny utbygging. Reelt tap jordbruksareal blir difor 390 daa, viss vi også reknar med LFN-områda for spreidd bygging. Innanfor områda som er opna for bygging, er det fastsett tal einingar og tomtestorleik som tilseier at det reelle tapet av dyrka jord og innmarksbeite vil bli langt mindre enn det desse tala viser. For å minimere det negative omfanget for landbruk, er det i planen lagt klare føringar på at nye bygg skal ligge i tilknytning til etablert bustadmiljø og etablert bygningsstruktur, samt infrastruktur som veg.

Størst tap av dyrka jord (fulldyrka og overflatedyrka) er vurdert til å vere i delområda Bremangerlandet, med om lag 35 daa, og Berle, med om lag 20 daa. På Bremangerlandet skuldast dette i hovudsak areal til sentrumsutvikling på Hauge. LNF-areal med opning for spreidd utbygging (bustader og fritid) vil i tillegg kunne medføre omdisponering av jordbruksareal. Med unntak av areala på Hauge er dyrka jord som blir omdisponert i hovudsak lite eigna for hausting med moderne maskinelt utstyr, og delvis ute av drift. Ved å opne for fleire bustader i spreiddbygde grender, i tillegg til viktige sentrale plassar som mellom anna Svelgen og Kalvåg, ynskjer kommunen å styrke etablerte bygdemiljø rundt i kommunen. Dette vil vere positivt for å oppretthalde landbruksdrift og ivareta kulturlandskapet i grendene.

Omdisponeringa av jordbruksareal som planen opnar for, vil ikkje redusere driftsgrunnlaget for dei som driv landbruk i kommunen i dag, og ikkje vere til hinder for framtidig drift.

## 4. Konklusjon

Tabellen viser planlagt arealbruk opp mot dei ulike markslaga, samla sett for heile kommunen.

Summer av Areal_daa	Arealbruk generalisert										
Arealformål gruppe	Bebyggd/Samferdsel	Full- og overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Myr	Skog	Åpen fastmark	Ferskvann	Bre	Hav	Ikke kartlagt	Totalsum
Bebyggelse og anlegg	1684	258	197	133	2242	6496	143		308	18133	29594
Bruk og vern av sjø og vassdrag	26	12	33	10	163	258	45078	0	1098551	1054	1145184
Grønnstruktur	33	14	1		132	147	0		6		334
LNFR	2229	8373	8169	6956	164231	214089	1258	1551	48	348492	755397
LNFR-Spreid	180	216	153	0	320	471	0			88	1429
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	40	6	1		28	35			98		208
<b>Totalsum</b>	<b>4191</b>	<b>8879</b>	<b>8555</b>	<b>7100</b>	<b>167117</b>	<b>221496</b>	<b>46478</b>	<b>1551</b>	<b>1099012</b>	<b>367767</b>	<b>1932146</b>

Tapet av dyrka jord til byggeområde er 455 daa, og tapet av dyrka jord til LNF-spreidd er 369 daa, totalt for heile kommunen. Då er heile arealreserven i tidlegare vedtekne planar rekna med. Som nemnt tidlegare, vil størstedelen av arealet som er avsett til LNF-spreidd ikkje bli omdisponert, sidan planen fastset **om** områda skal kunne byggjast ut meir, og **avgrensar tomtestorleik og tal einingar**.

Kriteria for planføremålet «LNF-areal for spreidde bustader og fritidsbustader» er sjølv sagt at bygga kan ligge spreidd, med ein viss avstand til kvarandre. Dette gjer at områda som vert avsett til dette føremålet må ha ein viss storleik, utan at heile arealet er planlagt nedbygt. Ved frådeling og byggjeløyve innanfor desse områda er jordlova gjeldande, og jordvern og jordbruksinteresser skal ivaretakast. Det bør heller ikkje tillatast tiltak som medfører auka trafikk gjennom gardstun, eller som kan medføre restriksjonar eller driftsulempar for jordbruksdrifta.

Omdisponeringa av jordbruksareal som planen opnar for, overstig likevel kraftig dei nasjonale måla for jordvern. Slik rulleringsintervalla for dei overordna arealplanane har vore, og truleg også kjem til å vere vidare, vil dei aktuelle planane gjelde i minst ein tiårs-periode. Sjølv innanfor denne perioden er det ikkje realistisk at alt areal vert utbygt i samsvar med planane, men det er viktig å ha avsett tilstrekkeleg areal til ulike føremål, for å gje fleksibilitet både for bustadbygging og næringsutvikling. For mange som flyttar heim for å busetje seg i kommunen, er det heilt avgjerande at dei får tomt i det område dei ynskjer å byggje.

Kommunen ynskjer å ha eit aktivt og fleksibelt landbruk, og plangrepa som er gjort skal ikkje vere til hinder for dette. Aktive bønder skal ha store nok og gode nok areal til vidare drift og utvikling. Slik det er i dag er det problem med å drifte den dyrka jorda på ein god måte, og største trugselen mot jordvernet er gjengroing. Omdisponering kan då skje ved at gjengrodde areal får endra arealføremål etter nye kartleggingar. Størstedelen av bruka som er i drift i kommunen, driv småskala landbruk med sauehald. Dette er viktig for å ivareta kulturlandskapet, men den dyrka marka vert i lita grad halden i hevd. Bratte areal som er lite

eigna for moderne maskinell hausting, er vanskeleg å halde i drift sjølv om det har vore fulldyrka eller overflatedyrka areal. På slike areal er det vanskeleg å oppretthalde driveplikta, sidan dei er tungdrivne, og dei få som driv intensivt jordbruk som regel har god tilgang på meir lettdrive areal.

Geografien i kommunen, med bratte fjell som går ned til den slakare innmarka og til strandsona, gjer det utfordrande å få til utvikling samstundes som ein ivaretek den dyrka jorda. Størstedelen av areala som er eigna for utbygging, og ikkje er i konflikt med strandsoneomsyna, er innmark; enten dyrka jord eller innmarksbeite. Intensjonen i planen har likevel vore at ein skal unngå nedbygging av dyrka jord, og avgrense nedbygginga av innmarksbeite.

Det er eit mål for kommunen at landbruksareala skal vere i drift. Kommunen vil difor ha fokus på oppfølging av driveplikta, spesielt for areal med høg landbruksmessig verdi, og i område der det er aktive driftsmiljø. Kommunen vil også nytte buplikt som verkemiddel for å sikre busetting på landbrukseigedommar, spesielt for bruk som ligg i nær avstand til sentrumsfunksjonar, skule og barnehage, og for bruk som har betydelege landbruksressursar.

Det blir i Strategisk næringsplan (2015-2020) trekt fram at kommunen gjennom ein aktiv busettingspolitikk kan bidra til både å oppretthalde busetnaden og kulturlandskapet i kommunen. Eit verkemiddel er å opne for bustadtomter utanfor bustadfelt, slik at familiar med ønske om busetting i nærleik til natur og sjø får moglegheit til dette (jf. Strategisk næringsplan 2015-2020).